

1. tertial 2015

Økonomistatus for Kvam herad per 1. tertial 2015

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd.

2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret.

3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det føreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføre vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

Innhald

1	Endringar og risikomoment - drift	3
2	Endringar og risikomoment - investering	5
3	Søknadar om støtte	7
4	Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden desember 2014 – april 2015.....	8
5	Økonomisk hovudoversikt - drift.....	9
6	Rammeområda - drift	11
6.1	Rammeområde, sosiale kostnader.....	13
7	Økonomisk hovudoversikt - investering	14
8	Prosjektoversikt.....	16
8.1	Nye prosjekt i tertialen	18
8.2	Endra prosjektrammer i tertialen	19
9	Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 110/14.....	20
10	Vedlegg.....	26

1 Endringar og risikomoment - drift

I 1. tertial må Kvam herad nok ein gong handtera store inntektstap. Som i 2014 er det fall i kraftinntekter (4,4 mnok) og skatt/rammetilskot (3,7 mnok). I tillegg vert finansområdet forverra med 7 mnok.

På den andre sida får kommunen ein kraftig auke i refusjon for ressurskrevjande brukarar (8,8 mnok) og tilskot til rus/psykiatri (1 mnok). Auken i ressurskrevjande brukarar medfører auka utgifter og utgiftsramma til Pleie og omsorg er auka med 3 mnok. Utgiftsnivået ser ut til å vera under kontroll. Men inntektsfalla medfører at kommunen må redusera rammene ytterlegare. Einingane er difor pålagt eit nytt kutt på 5 mnok.

Brutto driftsresultat er i tertialen **forbetra** med 3,4 mnok i forhold til budsjettet med eit meirforbruk på 18,1 mnok og netto driftsresultat **forverra** med 3,6 mnok til eit **meirforbruk på 18,3 mnok**.

Det er grunn til å tru at fallet i inntektene på 15,1 mnok vil skapa utfordringar vidare i økonomiplanen. Der ligg det frå tidlegare 8-9,5 mnok i uløyste innsparingskrav. Framlegg til innsparingstiltak i økonomiplanperioden kjem fram i eiga sak i same møtebolck som tertialen.

Frie statlege inntekter

Resultatet av handsaming av statsbudsjettet, reduserte skattevekst og redusert innbyggjartal, medførte at Kvam herad sine frie inntekter for 2015 vart 3 mnok lågare enn det som var lagt til grunn i det opprinnelege budsjettet for 2015. Det er innarbeidd i tertialen.

Per april har den nasjonale skatteinngangen vore 3,4% høgare enn i fjor, og langt under dei 5,6% som er lagt til grunn i statsbudsjettet. I revidert nasjonalbudsjett var estimatet redusert til 4,6% for kommunane, og kommunane fekk kompensert med auka rammetilskot. For Kvam utgjør det 1,3 mnok i rammetilskot. Fallet i skatteinntekter er midlertid høgare iflg. KS sin prognosemodell, 1,9 mnok.

Kvam herad sine frie inntekter er redusert med 0,7 mnok i samband med revidert nasjonalbudsjett. Totalt er dei frie, statlege inntektene redusert med 3,7 mnok i tertialen.

For Kvam var skatteinngangen på 60,1 mnok per april mot 61,1 MNOK i fjor. Det utgjør 30% av opprinneleg budsjett på 200,2 mnok. I tertialen er budsjettet justert ned til 196,4 mnok. Då er det innkome 30,6% per april mot 31,8% per april i 2014. Kommunen ligg på 88,5% av landsnittet i skatteinngang per april.

Det vart gjort endringar i skattøren frå 2014 til 2015, som byrjar å verka frå mars månad. Skattøren er fastsett ut frå at skatteinntektene skal utgjera 40% av dei samla inntektene i 2015. Frå 2015 er det innført ny uføretrygd, og samstundes er skattelegginga av uføretrygda lagt om, bl.a. slik at uføretrygd vert definert som lønsinntekt. Effekten av dette og andre regelendringar på kommunesektoren sine skatteinntekter, er innarbeidd i estimatet for 2015 i statsbudsjettet.

Kraftinntekter

Kraftprognosane er basert på kraftsal per mars, då om lag 32% av krafta var seld. Prognosen på spotprisen er svært låg, under 24 øre/kWh. I budsjettet var prisen per kWh på 27,06 øre. Dersom det kjem kalde og tørre periodar kan prisen gå opp, men det er grunn til å tru at nivået vert lågt i kraftområdet vårt fram til eksportkapasiteten ut av området aukar i 2020.

Lønsoppgjer

I 2015 er det ei såkalla mellomoppgjer, der det berre er sentrale forhandlingar for 90% av lønsmassen. Dei sentrale forhandlingane er ferdige, og tillegga fordelt. Om lag 10% av lønsmassen har berre lokale forhandlingar. Forhandlingane finn stad i september/oktober. Ein høg lønsauke for legevakt på 0,4 mnok, medfører at det er knapt med midlar att i potten til dei lokale forhandlingane, men ein reknar med at det held.

Pensjonsutgifter

Prognosane for 2015 viste ein auke på 0,3 mnok som er innarbeidd i tertialen. På den andre sida vart det gjort ei avsetning på 1,7 mnok for lønsvekst som er tilbakeført i tertialen då auken var innarbeidd i pensjonsprognosen.

Rentenivå

Rentenivået til kommunen held fram med å falla. Vekta gjennomsnittrente var per 30.04.15 2,67% mot 2,71% per 31.12.14. På grunn av det kommunen sitt høge gjeldsnivå (over 900 mnok), og det låge nivået på fastrentelån, har kommunen inngått ein del lengre rentebindingar. Durasjonen har auka frå 2,02 per 31.12.14 til 2,54 år per 30.04.15. Det er ikkje gjennomført nytt låneopptak så langt i år, men det er refinansiert 150 mnok i ein fastrenteavtale på 5 år til 1,615%.

Kvam herad plasserer likvide midlar frå fond og ubrukne lånemidlar, i bankinnskott og direkteeigde rentebærande verdipapir utstedt av norske sparebankar. Avkastninga var på om lag 3,3% då budsjettet var laga hausten 2014, men fall til 2,82% per 31.12. I år har avkastninga falle ytterlegare, og vert truleg på om lag 2%. Volumet er noko lågare enn budsjettet. Det medfører at avkastninga i 1. tertial er redusert med 2,5 mnok.

Enkelt saker

Som tidlegare år, kan det framleis koma enkelt saker som krev hastetiltak og relativt store ressursar. Dette vert ikkje teke høgde for, og vil koma som evt. avvik i 2. tertial eller årsmeldinga for 2015. Etter at kommunen vart omorganisert og ein fekk større einingar, har ein hatt større høve til å gjera grep i innanfor einiga for desse enkelt sakene.

Dei to rasperiodane i 2014 er enkelthendingar av ein storleik som påverka rekneskapen for 2014 og budsjettet for 2015. Dei fleste utgiftene kjem i 2015. Staten sitt ekstraordinære tilskott/kompensasjon på 2,6 mnok vart utbetalt i 2014 og mesteparten sett av på øyremerka fond. Dei største utgiftene kjem i 2015 og er delvis innarbeidd i tertialen. Utgiftene kjem både i drift- og investeringsrekneskapen.

Innsparingskrav og -tiltak

Forventingar, krav, ynskjer og stor etterspurnad etter kommunale tenester skapar eit press på kommuneøkonomien. Frå staten si sida kjem det stadig underfinansierte reformar, med nye oppgåver til kommunane samstundes som me ser ei favorisering av sentralisering og vekstkommunar. Kvam herad har låge frie statlege inntekter, men kraftinntekter har gjeve eit høgare nivå på inntektene. Innføring av eigedomsskatt bidrog til å oppretthalda nivået. Likevel har det vore eit kontinuerleg arbeid for å effektivisera og spara inn i alle år. Innimellom har ein teke større grep og blant anna køyrt strukturendringar og stillingsstoppar. I tertialen og komande budsjett/økonomiplan må ein vidareføra tidlegare tiltak, og ta nye grep. Desse er omtala i ei eiga sak «Utkast økonomiplan 2016-2019». I 1. tertial er det lagt inn krav om innsparingar på 5 mnok fordelt på dei ulike einingane. Desse tiltaka må konkretiserast til 2. tertial.

2 Endringar og risikomoment - investering

Det meste av investeringsbudsjettet gjeld spesifikke investeringsprosjekt. Det kan verta relativt store endringar i årsbudsjettet på grunn av endringar i tidspunkta for gjennomføring av prosjekta. Rådmannen har fullmakt til å forskyva prosjekt mellom budsjettår, men evt. rammeauke i prosjektet skal handsamast av heradsstyret.

Utanom investeringsprosjekt, ligg kjøp og sal av eigedomar, aksjar, formidling av Husbanklån, utlån av eigne midlar og eigenkapitalinnskot til KLP i investeringsbudsjettet.

Kvam herad søker årleg om 20 mnok i formidlingslån (startlån) frå Husbanken. Kva kommunen mottek avheng av rammene til Husbanken, og deira vurdering av lånebehov. I 2014 fekk kommunen berre tildelt 5 mnok på grunn av at me hadde ein del ubrukne midlar. Lånet vart ikkje utbetalt før i 2015. I tillegg har me fått tildelt 17,2 mnok for 2015. På grunn av at begge låna vart utbetalt i 2015, må difor lånevedtaket for 2015 endrast til 22,2 mnok i opptak frå Husbanken. Tertialen er justert 22,2 mnok i låneopptak. Det er så langt delt ut 5,5 mnok i startlån, og nivået for vidareformidling av startlån må truleg justerast ned i 2. tertial.

Det er stort aktivitetsnivå på eigedomsforvaltninga, og fleire eigedomar er i ferd med å verta selde. Det kan såleis koma høgare inntekter her enn det som ligg i investeringsbudsjettet for 2015. Inntekter frå eigedomssal skal enten gå til finansiering av spesifikke investeringsprosjekt eller til bustadfeltfond.

Nye investeringsprosjekt skal i størst mogeleg grad handsamant i budsjett/økonomiplan. Hastesaker vert handsama i tertial, eller som enkeltsak ved heilt spesielle høve. Det same gjeld for utviding av prosjektrammer. I denne tertialen har det vore behov for utviding av rammer, hastesaker og innarbeiding av tidlegare vedtak.

I tertialen er det foreslått å utvida rammene til følgjande prosjekt:

K60032 – Kjøp av ICA tomt er auka med 0,3 mnok. Det var ikkje teke omsyn til dokumentavgift i det opprinnelege budsjettet. Kjøpet er gjennomført.

P61082 – VA-anlegg mot Eikedalen utvida med 1,7 MNOK grunna uteståande sluttoppgjer og ferdigarbeid rundt anlegget.

Nye prosjekt i tertialen:

P60158 – VA Høgdebasseng Ålvik er foreslått i 1. tertial fordi det eksisterande høgdebassenget på Lilletveit i Ålvik har lekk tak og er gammalt. Arbeidet startar opp hausten 2015 og ramma er 1,2 mnok og lånefinansiert.

P60159 – VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentrum-Stondo) er lagt inn med 3,2 mnok i tertialen. Lånefinansiert. Kvam herad må fylgja gjennomføringa av Kvammapakken for å få plass VA-leidningar. Anbudsprosessen for prosjektet er gjennomført og arbeidet startar opp hausten 2015.

P61146 – Prosjektering VA-infrastruktur Tolomarka. Kommunen er i forhandlingar om sal av bustadfelt i Tolomarka. Løysingar for VA-infrastruktur er ein ukjent faktor som påverkar forhandlingane. Kommunen har difor bedt om prosjektering for å få plass løysing og estimat på kostnad. 0,15 mnok, lånefinansiert.

P61147 – Skutlbergvegen – rassikring og veg. Arbeidet er omfattande og fleire områder langs vegen treng sikring. Prosjektet har ei ramme på 4,5 MNOK eks. mva., finansiert ved bruk av bundne fond (tilskot frå NVE) på 1,0 MNOK og ved bruk av lån, 3,5 MNOK.

P61158 – Utviding av vegkryss ved Nhs. VGS. Innarbeid i tertial med 0,3 mnok inkl. mva. etter vedtak i Samferdselsutvalet 5.5.15. Finansiert med mva.kompensasjon 0,06 mnok og lån 0,24 mnok. Statens vegvesen held på å utbetra FV128 frå FV7 opp mot Norheimsund vidaregåande skule, og ein del av denne vegen er kommunal.

P61159 – VA-pumpestasjon ved Fartøyvernssenteret er lagt inn i tertialen med 1,5 mnok. Lånefinansiert. Andre VA-prosjekt og drift stoppar opp i påvente av utbetringar på pumpestasjon ved Fartøyvernssenteret.

P61102 – Vassleidning Torpevegen, vidareføring vert splitta i 2 separate prosjekt; P61102 (opphavleg prosjekt) og P61148 Vassleidning Torpevegen, veg- og murarbeid for å skilja mellom VA og veg-/murarbeid. Prosjektramma i prosjektet vert endra frå 15 mnok til 8,5 mnok. Total prosjektramme for arbeidet i Torpevegen er den same.

P61148 – Vassleidning Torpevegen, veg- og murarbeid er skilt ut frå P61102 med 6,5 mnok ekskl. mva. Mva 1,6 mnok. Finansiert med mva.kompensasjon (1,6) og lån (6,5).

Tidlegare vedtak innarbeidd i tertial:

P62155 – Branstryggleik Strandebarmsheimen. Tidlegare vedtak (HST-009/15) innarbeidd i tertial. 1,1 mnok inkl. mva. Finansiert med mva.kompensasjon 0,2 og lån 0,9 mnok.

P90132 – Strandebarm skule/Kvam ungdomsskule – ferdigstilling. Punkt 28 i budsjettvedtaket HST-110/14 innarbeidd i tertial med 0,5 mnok inkl. mva. 0,1 mnok finansiert med mva.kompensasjon og 0,4 mnok med lån.

Andre prosjektkommentarar:

P15083 – Turistveg Steinsdalsfossen. Betaling for innløysing av Fossatun frå Statens vegvesen skulle etter planen skje i 1. kvartal 2015, men denne er ikkje på plass endå. Oppmoding om innbetaling vart sendt i januar 2015, og spørsmål om status på innbetalinga er sendt prosjektleiar i SVV.

P62141 – Opprusting Storeteigen. Kalkyler viser at prosjektet overskrid rammene, og er sett på vent til søknad om ekstra midlar frå fylket er handsama.

P61156 – Melstveitvegen. Rimelegast anbodssum er om lag 1,7 mnok ekskl.mva. over prosjektrammene til 2,2 mnok. Prosjektet er sett på vent for å avklara om det er mogeleg å få meir kompensasjonsmidlar til finansiering, eller private tilskot frå skogeigarar.

P71093 – Oppgradering Mundheim sentrum/Servicebygg Mundheim. Prosjektet er ikkje handsama rekneskapsmessig korrekt i høve intensjonane. Prosjektet var tenkt å delast i to ulike prosjekt, Oppgradering Mundheim sentrum og Servicebygg Mundheim. Servicebygg Mundheim er meint å vera eit spleiselag mellom næringsrådet (0,5 mnok), fylkeskommunen (0,2) og kommunen (0,2). I tillegg skulle det tidlegare prosjektet «Oppgradering Mundheim sentrum» reduserast med dei 0,2 mnok som er gått til Servicebygg Mundheim, slik at det skulle stå att kr 261.600 + mva kr 65.400, totalt kr 327.000 igjen på prosjektet. Den fyrste utfordringa er at dei 0,2 mnok er finansiert med investeringsfond, og sidan dette er eit tilskot til fylkesmanne, må finansieringa endrast til reduksjon i driftsrekneskapan/bruk av disposisjonsfond. Den andre utfordringa er at innkomne anbod ligg 0,35 mnok over prosjektrammer på 0,9 mnok. Det har tidlegare vore omtala at evt. auke i prosjektrammer kan gå av det resterande på P71093, Oppgradering Mundheim sentrum. Det let seg ikkje gjera av same grunn som nemnt ovanfor, det er investeringsmidlar som ikkje kan nyttast til tilskot. Rådmannen finn det ikkje forsvarleg å utvida rammene med driftsmidlar, då fylket heller ikkje vil ta på seg drifta for toalettet.

P60153 – Vassleidning Strandebarm er ikkje innarbeidd i tertialen då kostnaden ikkje er kjent endå. Ein videoinspeksjon har avdekka skader på vassleidningen som må utbetrast snarast. Prosjektet kjem opp som ei hastesak så snart kostnadsestimat føreligg.

3 Søknadar om støtte

Kvam herad mottek jamleg søknader om støtte. Søknader vert generelt vist til politisk handsaming i samband med budsjett/økonomiplan, og ikkje handsama i tertialar eller i enkeltsaker. Dette fordi søknader om støtte stort sett går av kommunen sine ordinære driftsmidlar, og ved handsaming av enkeltsaker får ein ikkje eit heilheitleg bilete av politisk prioritering av driftsmidlane til kommunen. Slik den økonomiske stoda til kommunen er, vil tilskot til eksterne aktørar medføra ytterlegare krav til innsparingar i årsverk i drifta.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg, innanfor eigne retningslinjer og budsjettrammer.

Steinwayflygel til Kunsthuset Kabuso

Kunsthuset Kabuso fyller 10 år i 2016, og i høve jubileet planlegg kunsthuset innkjøp av eit nytt Steinwayflygel. Hardanger og Voss museum/Kabuso søker Kvam herad om kroner 400.000 til dette tiltaket.

Kabuso er Hordaland sin tusenårsstad, og har si driftsfinansiering frå Hordaland fylkeskommune. Den ypparlege konsertsalen i kunsthuset har til no berre hatt eit innleigd flygel, og det er gode grunnar til at Kabuso bør investera i eit eige instrument av god kvalitet. Normalt vil det vera Hordaland fylkeskommune som tek hovudansvar for investeringar som løftar drifta av Kabuso. I dette tilfellet handlar investeringa om eit objekt som i vesentleg grad vert brukt av lokalt kulturliv i Kvam. Initiativet til å få på plass eit Steinwayflygel i jubileumsåret, har kome frå lokale aktørar som har danna ei nemnd for prosjektet. Dette er gode argument for at Kvam herad burde yta tilskot til innkjøpet, men ut frå heradet sin økonomiske situasjon må rådmannen frårå dette. Skulle heradsstyret likevel velja å yta tilskot bør det skje som ein mindre sum enn det Hordaland fylkeskommune løyver, og gjennom ei omdisponering innanfor kulturtenesta si budsjettramme. I budsjettet går det fram at både Hordaland fylkeskommune og Kvam herad er søkt om kroner 400.000. Totalsum for investeringa er kroner 1.115.000.

4 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden desember 2014 – april 2015

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden desember 2014 – april 2015. Vedtaka er innarbeidd i tertialen. Vedtaksperioden går attende til desember 2014 av di det i desembermøtet var 2 saker med økonomisk konsekvens som ikkje var del av budsjettvedtaket for 2015

Møte dato	Saknr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
16.12.2014	HST-121/14	Privatskular – søknad om tilskot	804.170	Næringsfond. Kr 100.000 tidlegare innvilga i HST-084/08. Lån kr 150.000, tilskot til betaling av husleige kr 354.170 og tapt stiftingskapital kr 200.000 dekkja av næringsfond. Innarbeidd i driftsbudsjett i 1. tertial.
16.12.2014	HST-122/14	Øystese Kraft AS – vidare finansiering av konsesjonssøknaden 2014-2015	100.000	Fond for «Uttak eigenkapital Kvam kraftverk», kto 25300002. Er innarbeidd i investeringsbudsjettet i 1. tertial.
24.03.2015	HST-009/15	Brannsikring av Strandebarmsheimen	1.125.000	Lånefinansiert kr 900.000 og mva.kompensasjon kr 225.000. Innarbeidd i invest.budsjett i 1. tertial
24.03.2015	HST-016/15	Tour des fjords – kommunal støtte	100.000	Næringsfond. Innarbeidd i driftsbudsjett i 1. tertial.

5 Økonomisk hovudoversikt - drift

Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett 2015, endringer i 1. tertial. Tal i 1.000

c	DRIFTSINNTEKTER	Opph.bud		Budsjett 2015 etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 1. tertial	
		Rek 2015, 1T	2015				
LN01	Brukarbetalingar	11 294	23 330	23 330	48,4 %	0	
LN02	Andre sals- og leigeinntekter	17 329	45 968	46 068	37,6 %	100	
LN03	Overføringar med krav til motyting	20 221	63 715	73 222	27,6 %	9 507	
LN04	Rammetilskot frå staten	128 136	262 825	262 970	48,7 %	145	
LN05	Andre statlege overføringar	11 386	37 899	35 849	31,8 %	-2 050	
LN06	Andre overføringar	2 611	11 628	9 428	27,7 %	-2 200	
LN07	Skatt på inntekt og formue	60 122	200 191	196 449	30,6 %	-3 742	
LN08	Eigedomsskatt	21 507	43 000	43 000	50,0 %	0	
LN09	Andre direkte og indirekte skattar	0	3 900	3 900	0,0 %	0	
LN10	Sum driftsinntekter	B	272 606	694 456	39,3 %	1 760	
DRIFTSUTGIFTER		Rek 2015, 1T	Opph.bud 2015	Budsjett 2015 etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 1. tertial	
LN11	Lønsutgifter	176 088	392 513	391 280	45,0 %	-1 232	
LN12	Sosiale utgifter	52 313	116 454	115 029	45,5 %	-1 425	
LN13	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	33 229	78 067	79 795	41,6 %	1 728	
LN14	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	13 180	33 539	33 040	39,9 %	-499	
LN15	Overføringar	25 819	58 437	58 257	44,3 %	-181	
LN16	Avskrivningar	0	37 086	37 086	0,0 %	0	
LN17	Fordelte utgifter	7	-2 155	-2 155	-0,3 %	0	
LN18	Sum driftsutgifter	C	300 636	712 331	42,2 %	-1 610	
LN19	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-28 030	-21 485	-18 115	154,7 %	3 370
EKSTERNE FINANSTRANSASJONER		Rek 2015, 1T	Opph.bud 2015	Budsjett 2015 etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 1. tertial	
LN20	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	5 918	23 950	17 050	34,7 %	-6 900	
LN21	Gevinst finansielle instrumenter	0	100	200	0,0 %	100	
LN23	Sum eksterne finansinntekter	E	5 918	17 250	34,3 %	-6 800	
LN24	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	634	24 005	24 005	2,6 %	0	
LN25	Tap finansielle instrumenter	0	200	200	0,0 %	0	
LN26	Avdragsutgifter	4 718	30 200	30 200	15,6 %	0	
LN27	Utlån	0	0	150	0,0 %	150	
LN28	Sum eksterne finansutgifter	F	5 352	54 555	9,8 %	150	
LN29	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	566	-37 305	-1,5 %	-6 950	
LN30	Motpost avskrivningar	0	37 086	37 086	0,0 %	0	
LN31	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	-27 464	-14 754	-18 334	149,8 %	-3 580
AVSETNINGAR		Rek 2015, 1T	Opph.bud 2015	Budsjett 2015 etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 1. tertial	
LN32	Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk	0	1 156	1 156	0,0 %	0	
LN33	Bruk av disposisjonsfond	0	6 578	9 005	0,0 %	2 427	
LN34	Bruk av bundne fond	315	29 453	30 607	1,0 %	1 153	
LN35	Sum bruk av avsetningar	J	315	37 187	40 767	0,8 %	3 580
LN38	Avsetningar disposisjonsfond	0	2 640	2 640	0,0 %	0	
LN39	Avsetningar til bundne driftsfond	363	19 793	19 793	1,8 %	0	
LN40	Sum avsetningar	K	363	22 433	22 433	1,6 %	0
LN41	Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	L=I+J-K	-27 512	0	0	#####	0

Kommentar til tabell (tal i 1.000 i tabell):

Sum driftsinntekter er auka med 1,8 MNOK i forhold til vedteke budsjett per 1. tertial

LN03 - Det er venta ein auke på refusjonsinntekter frå staten knytt til ressurskrevjande brukarar på 5,8 mnok i 2015. I tillegg er det motteke 3,0 mnok ekstra på ressurskrevjande brukar 2014. Kvam har motteke 0,9 mnok i tilskot til kommunalt rusarbeid. Som fylgje av at Kvam herad ikkje lengre ansvar for Samhandlingsreforma vert overføringar frå andre kommunar redusert med 0,3 mnok. Korreksjon av prosjekt aukar LN03 med 0,2 mnok, motpost LN33

LN04 – Lågare skatteutjamning og auke i rammetilskot frå staten gjev ein netto inntektsauke på 0,1 mnok.

LN05 – Heimfallsinntekter er redusert med 3,0 mnok. Budsjettet er justert for skjønsmidlar på 0,5 mnok knytt til Samhandlingsreforma og 0,5 mnok til velferdsteknologi.

LN06 – Inntekter på konsesjonskraft er redusert med 2,2 mnok i forhold til opphavleg budsjett.

LN07 – Skatteinntektene er venta å verta lågare enn antatt. Budsjettet er redusert med 3,7 mnok totalt

Sum driftsutgifter er redusert med 1,6 MNOK

LN11 – Største delen av innsparingskrava til einingane er i fyrste omgang plassert på lønn, til saman 4,7 mnok. På den andre sida er lønsutgiftene til Helse og omsorg auka med 3 mnok til ressurskrevjande brukarar. Det gjev ei netto innsparing på 1,7 mnok. Om den reelle innsparinga vil koma på lønn eller på andre utgifter vert handsama i 2. tertial.

I tillegg er det ein netto auke på 0,5 mnok bl.a. til velferdsteknologi (0,4), finansiert med auka tilskot (LN05).

LN12 – Netto reduksjon i pensjonsutgifter etter oppdatert prognose frå pensjonselskapa.

LN13 – 0,5 mnok er overført frå LN14 til LN13. Det er lagt inn 0,5 mnok til konsulentarbeid for Hardangerbadet (P19141). Auka utgifter til rassikring og brøyting er lagt inn med 0,8 mnok og overføring frå LN15 på 0,3 mnok. Utgiftene er redusert med 0,3 mnok for kontingent for 2015 som vart betalt i 2014.

LN14 – 0,5 mnok er overført frå LN14 til LN13.

LN15 – Heimfallsskatt er redusert med 1 mnok som fylgje av at inntektene er redusert. 0,3 mnok er flytta til LN13. Ulike tilskot til HAKU er lagt inn med 0,7 mnok og 0,1 mnok til Tour de fjords.

Overføringar til andre kommunar er auka med 0,4 mnok i samband med at ansvaret for Samhandlingsreforma er overført til Voss medan Kvam har fått tilskotsmidlane.

Eksterne finanstransaksjoner er redusert med 6,9 mnok.

LN20 – Budsjettet er justert for redusert utbyte frå BKK på 3,4 mnok og frå KK på 1,0 mnok. Renteinntekter er venta å verta 2,5 mnok lågare enn opphavleg budsjett.

LN21 – Auke i gevinst på finansielle instrument på 0,1 mnok.

LN27 – Jamfør HST-121/14 er budsjettet er auka med 0,15 mnok. Dette er lån til HAKU.

Netto driftsresultat etter 1. tertial er 3,6 MNOK dårlegare enn opphavleg budsjett 2015.

Fondsdisponeringar

LN33 - Ramma til P19141 – Hardangerbadet er auka med 0,5 mnok, dette er finansiert av disposisjonsfond. Meirforbruk etter 1. tertial er dekkja med bruk av disposisjonsfond, 1,9 mnok.

LN34 - Dekking av ulike tilskotsordningar til HAKU vert finansiert av næringsfond, 0,8 mnok, og Tour de fjord med 0,1 mnok. Auka kostnader i drift som fylgje av ras på Klyvevegen og Skutlabergvegen er på 0,2 er fondsfinansiert. I tillegg er det ein auke i bruk av VA-fond på 0,2 mnok. Det er ein reduksjon på 0,2 for prosjekt, med motpost LN03.

6 Rammeområda - drift

Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på vedteke KOSTRA-tema for Kvam herad. Tal i 1.000

Hovudoversikt drift 2015 (ekskl. sos.kost og avskr.) Fordelt på Kostra-tema							
	Forbruk tom 1.tertial 2015	Forbruk i % tom 1.tertial	Opphavleg budsjett		1. tertial 2015		
Tema (i 1000 kr)	Netto forbruk 2015	Netto	Brt. utg. 2015	Netto utg 2015	Brt. utg. 2015	Netto utg 2015	Endring 1. tertial
Politisk verksemd	1 226	28 %	4 586	4 455	4 886	4 755	300
Adm. og fellesutgifter	12 785	42 %	38 675	30 508	38 741	30 235	-273
Barnehagar	18 810	39 %	61 765	48 123	61 762	48 121	-2
Grunnskule	45 834	45 %	117 222	101 800	115 065	99 643	-2 157
Kommunehelse	8 955	37 %	31 596	23 893	30 394	24 245	352
Helse- og omsorgstenesta	60 398	47 %	164 718	127 318	165 968	118 521	-8 797
Sosialteneste og NAV	9 818	37 %	28 539	26 564	29 990	26 431	-133
Barnevern	6 101	36 %	17 985	16 949	17 981	16 945	-4
Bustader	(3 719)	60 %	8 433	-6 229	8 451	-6 211	18
Plan	3 643	76 %	13 490	4 774	13 451	4 734	-40
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	1 719	-14 %	19 602	-12 487	19 416	-8 877	3 610
Brann og ulykkesvern	2 172	39 %	7 624	5 625	7 557	5 559	-66
Samferdsle og grøntanlegg	5 236	51 %	14 212	10 176	15 213	10 952	776
Vatn avløp og renovasjon/avfall	(559)	4 %	28 323	-14 686	28 559	-14 613	73
Kultur	5 862	38 %	25 857	15 385	25 758	15 285	-100
Kyrkje	2 239	43 %	5 220	5 203	5 220	5 203	0
Skatt og rammetilskot	(216 708)	41 %	0	-529 075	0	-525 478	3 597
Finans	(417)	-2 %	52 865	26 405	52 265	30 678	4 273
Komp. For mva i investring	-	#DIV/o!	0	0	0	0	0
Årets resultat	-		0	-1 156	0	-1 156	0
Motpost avskrivningar	-	#DIV/o!	0	0	0	0	0
Sum			640 711	-116 454	640 677	-115 029	1 425

1. tertial 2015 viser nytt budsjett etter endringar i perioden februar til april 2015. Opphavleg budsjett viser vedteke budsjett i HST inkludert justeringar vedteke i budsjettmøtet.

Normalforbruket per 1. tertial er 36,8% på fastløn og 33,3% for jamne utgifter. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvike frå normalforbruket.

Andre opplysningar:

Alle sosiale utgifter er tekne ut av tabellen. Budsjettjusteringar på bakgrunn av nye prognosar frå pensjonsselskapa kan medføre store endringane på det enkelte rammeområde. Sidan dette er kostnader som einingane ikkje kan påverke direkte, vert dei halde utanfor denne tabellen. Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, premieavvik av arbeidsgjevaravgift og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon.

Dei vesentlege endringane i lønsvnivå vert difor kommentert pr. tema, medan sosiale utgifter vert kommentert for seg.

På 1. tertial 2015 vert alle endringar på rammeområde samla i ein tabell. Endringane vert ikkje spesifisert på den enkelte funksjon i eigne tabellar for kvart område.

Forklaringar til endringar i budsjett 2015:

På tvers av rammeområda: Budsjett 2015 er justert for lønsjusteringar etter lokalt oppgjær 2014 og sentralt oppgjær 2015. Midlane er overført frå lønsjusteringspotten, men det medfører nokon justeringar både på tvers av og innanfor rammeområda.

Politisk verksemd: Kontingent overført frå rammeområdet næring (0,3).

Administrasjon: Auka inntekter på IT (-0,1), netto reduksjon på Samhandlingsreforma (-0,2) og lønsjustering.

Grunnskule: Innsparingskrav på oppvekst (-1,7), lønsmidlar overført til funksjon 232 (-0,1) og lønsjustering.

Kommunehelse: Skjenkekontroll overført frå funksjon 233 til 242 (0,1) og lønsjustering.

Helse og omsorg: Auka inntekt på ressurskrevjande brukar (-8,7), tilskot til kommunalt rusarbeid (-0,9), netto rammeauke (1,0) og lønsjustering.

Sosialteneste og NAV: Skjenkekontroll overført frå funksjon 233 til 242 (-0,1).

Næringstøtte og kommunal forretningsdrift: Reduksjon konsesjonskraft (2,2), reduksjon heimfallsinntekter (3,0), skatt på heimfall er redusert med (-1,0) og endra funksjon på kontingent (-0,5).

Samferdsel: Auke i utgifter til brøyting (0,5) og manglande stilling i opphavleg budsjett (0,2).

Kultur: Rammeinnsparing på Samfunn og utvikling (-0,1).

Skatt og rammetilskot: Etter revidert nasjonalbudsjett er netto auke i rammetilskot frå staten (-0,1). Forventa skatteinntekter er justert ned med 3,7 mnok.

Finans: Reduksjon i aksjeutbytte frå Kvam Kraftverk (1,0) og BKK (3,4). Renteinntekter er justert ned(2,5). Rammeinnsparinga på teknisk (-0,6) er foreløpig plassert på fellesteneste som er lagt innunder finansstema. Underskot etter 1. tertial er finansiert med overføring frå disposisjonsfond (-1,9)

6.1 Rammeområde, sosiale kostnader

Sosiale kostnader inkludert premieavvik						
	Rek 14 (netto)	Forbruk tom 1.tertial 2015	Forbruk i % tom 1.tertial	1.tertial 2015 rev. budsjett	Opphavleg bud 2015	Endring, 1.tert. 2015
Politisk verksemd	482	118	24 %	499	521	-23
Adm. og fellesutgifter	-1 997	2 447	24 %	10 183	4 890	5 294
Barnehagar	16 522	5 669	38 %	15 086	16 219	-1 132
Grunnskule	29 704	9 066	34 %	26 636	27 341	-705
Kommunehelse	5 361	1 796	38 %	4 785	5 547	-761
Pleie- og omsorgstenesta	47 497	14 859	36 %	41 190	44 702	-3 512
Sosialteneste og NAV	1 966	685	29 %	2 383	2 146	237
Barnevern	2 820	863	27 %	3 172	3 345	-173
Bustader	766	84	12 %	709	734	-25
Plan	2 605	847	38 %	2 256	2 414	-158
Næringsstøtte og komm. forretningsdri	609	187	36 %	526	564	-38
Brann og ulykkesvern	1 694	517	35 %	1 459	1 559	-100
Samferdsle og grøntanlegg	1 386	399	30 %	1 315	1 389	-74
Kultur	3 343	946	30 %	3 166	3 344	-179
Kyrkje	86	0	0 %	55	58	-3
Totalt	112 844	38 483	34 %	113 420	114 772	-1 352

